



PÅ KYRKJEVEG

KYRKJEBLAD FOR ØYSTRE SLIDRE

NR.4, 62. ÅRGANG, 2023



*1 Kling no, klokka!
Ring og lokka,
ring og lokka frå tusen tårn!
Tona om frelsa!
Kalla og helsa,
kalla og helsa med fred Guds born!
Kling no, klokka!
Ring og lokka,
ring og lokka frå tusen tårn!*

*2 Songar sæle,
englemæle,
englemæle med livsæl ljod!
Far gjennom grender,
strøym over strender,
strøym over strender som toneflod!
Songar sæle,
englemæle,
englemæle med livsæl ljod!*

*4 Sæle stunder,
store under,
store under og løyndoms skatt!
Møyi vart moder,
Gud vart vår broder,
Gud vart vår broder i julenatt.
Sæle stunder,
store under,
store under og løyndoms skatt!*

*6 Sjå, det dagast,
snart det lagast,
snart det lagast til høgtid ny!
Då skal oss klokka
leikande lokka,
leikande lokka til helg i sky.
Sjå, det dagast,
snart det lagast,
snart det lagast til høgtid ny!*



PÅ KYRKJEVEG

Kyrkjeblad for Øystre Slidre
Utgjevar: Sokneråda i Øystre Slidre.
Bladet kjem med 4 nummer i året.

Redaksjon: Eli Vatn, Martha Viken, Ingrid Meyrick,
Gunvor Hegge og Oddveig Holdal Weeg.

Konto nr.: 2135 25 01678 / VIPPS: 105751

Lay-out: designsaskia.no

Trykk: Bekkevolds Lyskopi ANS

I **dette nummeret** er det spesielt fokus på Lidar sokn. I neste nummer vil vi fokusere på Volbu sokn. Kom gjerne med idéar til stoff.

Frist for innlevering av stoff til neste nummer:
23.januar 2024

Framsida: Skuleelevar på veg til gudsteneste i Lidar.
Foto: Eli Vatn



DEN NORSKE KYRKJA

ØYSTRE SLIDRE PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret, Tingvang , Bygdivegen 1989,
2940 Heggenes

E-POST: post.oystreslidre@kyrkja.no

KONTORTID: Alle dagar 10 - 14

MERK NYE TELEFONNUMMER!

KYRKJEVERJE: Ove Ekerbakke	481 40 309
SOKNEPREST/FJELLPREST: Eli Vatn	991 29 976
PROST: Carl Philip Weisser	915 55 504
SEKRETER: Oddveig Holdal Weeg	916 38 300
KYRKJEGARDSARBEIDAR: Jon Gunnar Solhaug	952 19 341
KYRKJEMUSIKAR: Magne Olav Selland	934 19 294
TRUSOPPLÆRAR: Marianne Straum	901 21 647

SOKNA VÅRE

HEGGE KYRKJE Vipps: 515422

Klokkar: Ola Magnus Vatn Weisser
Kyrkjetenar: Jon Gunnar Solhaug
Reinhaldar: Synnøve Rødningen
Soknerådsleiar: Ole Martin Alfstad

VOLBU KYRKJE Vipps: 590221

Klokkar: Hildur Vingdal
Kyrkjetenar: Svein Hegge
Reinhaldar: Svein Hegge
Soknerådsleiar: Solveig Hårdnes

LIDAR KYRKJE Vipps: 135151

Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
Kyrkjetenar: Harald Melby
Reinhaldar: Harald Melby
Soknerådsleiar: Sissel Dahle Lie

ROGNE KYRKJE Vipps: 587467

Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
Kyrkjetenar:
Reinhaldar:
Soknerådsleiar: Wenche Melbybråten



BISKOPEN HAR ORDET

Hva vil det si å være folkekirke i dag?

Jeg vil starte med å si: Takk for sist! Det var inspirerende og lærerikt å møte alle menighetsråd og ansatte i de ulike prostiene i Hamar bispedømme. I etterkant av disse møtene har det slått meg, at selv om vi er ulike fra sted til sted, så har vi mye til felles. Kirka er gjenkjennelig som folkekirke i Hamar bispedømme

Den kristne kirke har hele tida utvikla og forandra seg, men det har også alltid vært en kontinuitet der, et konsept eller en ide som alltid har fulgt kirka. Grunnidentiteten består, men formene og uttrykksmåten forandrer seg. Slik er det med alt som er levende. Det utvikler og endrer seg. Det er bare det som er dødt som er statisk. Ser vi framover, vet vi at noe nytt skal vi erobre, noe må vi forlate – men mye vil vi også bevare. Hva skal vi ha fokus på?

Den norske kirke har 3,5 millioner dømte medlemmer. Dette antallet er stabilt, men prosentvis går

tallet noe ned. Å være folkekirke handler ikke om hvor mange medlemmer kirka har, men at kirka er opptatt av folk, og har omsorg for alle mennesker. Det er oppdraget vårt som kirke. Kirka er sendt til verden for å forkynne evangeliet om Guds kjærlighet i ord og handling – slik at mennesker kan gjenkjenne den i den korsfestede og oppstandene Jesus Kristus, i sitt eget liv og i vår verden. Oppdraget er gitt alle døpte, men budskapet gjelder alle. «Å se, jeg forkynner dere en glede, en glede for hele folket» - som vi hører i juleevangeliet. Kirkas budskap kan gi trøst, håp og glede. På hvert vårt sted skjer dette daglig. Jeg er opptatt av at Den norske kirke er åpen, tilgjengelig og nærværende i menneskers liv og i samfunnet vårt. Kirka skal være et sted for nåde og fellesskap, liv og tro, håp og tilhørighet.

BISKOPENS FEM FOKUS:

1 ÅPNE KIRKER

Folk har et forhold til kirkebygget i lokalsamfunnet og det som skjer der. Vi trenger en åpenhetskultur, der kirkerommet er mest mulig åpent, der kirka er tilgjengelig når mennesker trenger kirka, og der folk er regna med og møtes av åpenhet.

2 Å GJØRE BASIC BRA

Jeg vil løfte fram viktigheten av kvaliteten på gudstjenester, dåp, konfirmasjon, vigsel og særlig gravferd. Her møter bredden av folket kirka i viktige livshendelser. Tilliten som bygges i møtene, rommer også den enkeltes tro.

3 BARN OG UNGE

Kirkas kjernefortellinger, sanger, symboler og ritualer holder menneskers liv og tro sammen. Å gi nye generasjoner kjennskap og

kunnskap om dette, handler om å gi barn og unge livskompetanse. Kirka bidrar til livstolkning og livshjelp.

4 FRIVILLIGHET

Hva vil du jeg skal gjøre for deg? Kirka er avhengig av å engasjere, utdanne og oppmuntre frivillige i alle aldre. Vi er kirke både for andre, og med andre – på ulike arenaer i lokalsamfunnet. Hva ønsker du å bidra med?

5 REKRUTTERING

For at de andre fire punktene skal fungere, trenger vi motiverte og kompetente medarbeidere for å kunne gjøre kirkas oppdrag. Vi har et felles oppdrag i å rekruttere til kirkelig utdanning og kirkelig tjeneste – og til kirkelige råd. Det skal være attraktivt å jobbe i folkekirkebispedømmet Hamar, kjennetegnet av stor åpenhet og sterk tilhørighet.



Håp i ei uroleg verd

AV: BISKOP OLE KRISTIAN BONDEN

FOTO: LARS MARTIN BØE

Juleevangeliet fortel at Gud lar seg finne i det vanlege livet, og at det er håp for oss alle.

Det blir kalla verdas vakraste og mest kjende forteljing, forteljinga om Jesu fødsel som vi høyrer kvar jul. Det blir lese i kyrkja, men vi møter det overalt. Vi syng om den i julesongane, i barnehagane og på skulane. Det blir formidla på julekonsertar, i radio og på fjernsyn, på kjøpesenter og i julegater. Vi finn motivet i julepynt og tradisjonar. Juleevangeliet representerer noko vakkert og sant, i møte med verdas til tider stressande, vanskelege og brutale verkelegheit.

Det fyrste engelen sa var: «Ver ikkje redde!» Det er det fyrste engelen seier

til oss i år også. «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket.»

Når kyrkjeklokkene ringer jula inn over heile verda, er det som eit ekko av englesongen som fyller både himmel og jord: «Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!»

Vi skulle få eit teikn. Jesusbarnet i krybba. Eit smil av Gud. Verdars frelsar. Her skulle Gud la seg finne, midt i det alminnelege. I dette teiknet skulle vi kjenne att Guds kjærleik og nåde. Jesu fødsel var berre byrjinga. Diktaren Helge Torvund samlar håpet i eit av dei kortaste, vakraste og sannaste dikta eg kjenner:

Juleevangeliet



Frå korveggen i Kapp kirke i Toten prosti. Korveggen med motivet fra Jesu fødsel er måla av Henry Vik i 1940. Fotokred: Hamar bispedømmeråd

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrde til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile

Lyset du treng finst.

Det har vore eit krevjande år på mange måtar. Vi ber våre tap og sorgar. Dette året fekk vi også ei påminning om klimakrisa sine konsekvensar, fyrst tørke, så flaum og ekstremvêr. Og året har vore prega av krig og ufred i Europa.

Vi veit ikkje korleis neste år blir. Men jul blir det. Og juleevangeliet blir igjen forkynt over verda- i kyrkjer, i heimar, på gater og torg.

Det blir forkynt i trass, i tru, i håp.

Ver ikkje redde!

Lyset – du treng – finst.

folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

«Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!»

Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som høyrde på, undra seg over det gjetarane fortalde. Men Maria gøymde alt dette i hjartet sitt og grunda på det. Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde høyrte og sett; alt var slik som det var sagt dei.



Pilegrimsvandring til Santiago de Compostela

«Bli med oss på pilgrimsleden til Santiago de Compostela med flotte vandringar og store opplevingar! Vi slår følge med millionar av pilegrimer som gjennom tusen år har vandret langs Camino Jacobeo på veg til St Jacobs grav i den mektige katedralen i Nord-Spania.»

Slik lydde invitasjonen som lyste mot meg nederst på framsida av Vårt Land ein dag tidleg i vår. I mange år har eg lese bøker, sett på kart og drøymt om ein gong å koma meg til Santiago de Compostela - aller helst til fots heile vegen frå franskegrensa. Skulle eg endeleg få oppleva det?

Det kosta mange pengar og det ville bli ei «komprimert» pilegrimsvandring. Vi skulle ha med oss buss heile vegen, vi skulle berre gå utvalde strekningar, det skulle ta berre elleve dagar, vi skulle bu på fine hotell og vi skulle også innom både Amsterdam, Bilbao og Porto. Skulle vi koste på oss dette? Kom dette til å bli opplevd som ei pilegrimsvandring?

Det vart tur! John var minst like ivrig som eg - både på vandringa og på alle kulturopplevingane undervegs. Dei to reiseleiarane, Jon Espeland og Helge Simones, hadde sjølve gått heile strekinga opptil fleire gonger og hadde plukka ut det som dei meinte var høgdepunkta når det galdt både kvar vi skulle stoppe og dei strekingane vi helst skulle gå.

Sidan Bilbao er den næraste flyplassen og vi landa der på ettermiddagen, vart det overnatting der og ein føremiddag der vi fekk ein

rask busstur opp til høgdena over byen og sjølvstekt ein tur innom Guggenheimmuseet. Sjølve huset er for det meste dekkja av av titan, men også glas, stein og vatn er viktige element i bygget, som ikkje har ein einaste rett vinkel!

Vandringa over Pyreneane var den mest spektakulære delen av heile turen.



Dagen etter starta vi like før grensa til Spania i ein liten fransk by som heitte Saint Jean-Pied-de-Port, ein kort busstur frå Bilbao. Denne vandringa gikk opp over Pyreneane der vi snart kom over grensa til Spania att. Vi juksa litt i starten ved å ta taxi opp noko av den fyrste bratta. Det var berre fornøytig sidan dagsetappen elles var 26.5 km og vi skulle opp til 1430 moh frå 200 moh og nedatt til 950 moh. Dette var det eg hadde sett aller mest fram til, og det vart høgdepunktet på vandringa for

meg; den bratte oppstiging, korleis vegetasjonen endra seg etterkvart, utsikta då vi kom over tregrensa, hestar, kyr og sauer som beitte det frodige graset. Lokale bønder hadde sett opp salsboder der dei selde lokalproduserte ostar, nykokte egg, posteier og heimebaka brød til den stadige straumen av svoltne pilegrimar. Landskapet var heilt annleis enn våre fjell i tilsvarande høgde, men her oppe i vinden og vêret var eg heime på ein måte som stadfesta for meg endå ein gong at eg er og blir ei «fjellgeit».


Skjellet viser veg



Neste dag var vi innom Burgos, ein av største byane langs pilegrimsleia og fekk omvising i den mektige katedralen der den store helten «El Cid» ligg gravlagd. Etter den lange og krevande vandringa dagen før, var det godt med berre 10 km i eit roleg terreng. Og etter ei god natt i ei fin seng var vi klare for Leon og eit av dei vakraste gotiske kyrkjene der.

Glasvindaugo der var dei finaste eg har sett nokonsinne!

Eit lite utval av dei fantastiske glasmåleria i katedralen i Leon



Bussen vart våre «sjumilstøvlar» mellom dei finaste etappene og viktigaste stoppestadene langs pilegrimsleia. Vi veksla kvar dag mellom å gå mellom 10 og 20 km og busse resten. Og før vi visste ordet av det, sto vi saman med dei tre meter høge statuene oppe på Monte de Gozo, «Fægringsbakken» og skua mot tårna i den store katedralen i Santiago de Compostela, som vi kunne skimte i det fjerne. Det siste strekket gjekk vi etterkvart gjennom byen langs gatene midt i trafikken før vi endeleg kunne koma ned til den store plassen framfor katedralen og setja føtene på sement-skjellet som var innfelt mellom steinhellene. Vi var framme!

På turen vart det ikkje så mykje tid og ro til å meditere over alle fotefara - både synlege og usynlege frå dei tusenvis menneska som har gått her før oss. Men for meg som alltid har vore interessert i menneske eg møter, kva dei tenkjer, meiner og trur, vart dette ein spennande tur. Vi var 24 i reisefylgjet og sjølv om det var den kristne dagsavisen Vårt Land som sto som arrangør, kom det fram etterkvart som dagane gikk, at det ikkje var ei homogen gruppe korkje når det galdt alder, tru eller livshaldning. Dette duka for spennande samtaler både på vandringane, ved måltida og elles der vi var samla i mindre grupper eller på tomannshand. Og sjølvstekt fann vi ut at vi hadde felles kjente med fleire av deltakarane sjølv om vi ikkje kjente nokon av dei på førehand.

Det vart ikkje ei pilegrimsvandring der ein tok eit steg om gongen og farten aldri var høgare enn 4 km/t. Men dei strekingane der vi gjekk, og ikkje vart frakta i buss, ga oss eit innblikk i korleis det kunne vore viss vi skulle gå heile vegen. Og viss

helsa held, vart ikkje hugen til å gå kvart steget og smaka pilegrimslivet på skikkeleg vis her i Nord-Spania noko mindre. No har vi sett og opplevd dei spektakulære tingaseinare kunne vi konsentrere oss om VEGEN, både den indre og den ytre. Vi kunne bli verkelege PILEGRIMAR i rekkja med dei millionar som har gått her gjennom dei siste tusen åra.

Vi fekk to overnattingar i Santiago. Vi overvar ei messe i ein stappfull katedral der det 60 kg tunge røykelsesketert vart svinga over hovuda våre. Vi vandra i dei trange gatene, gjennom den fine parken og opplevde den spesielle stemninga i ein by full av pilegrimer frå alle verdenshjørner - og alle folka som budde der.

Opplevingane hadde stått i kø og inntrykka pakka seg over kvarandre. Den siste dagen tok vi bussen til Porto, ein av dei næraste flyplassene. Vi fekk nokre ettermiddagstimar og kvelden der. Då var begeret fullt og vi berre registrerte at dette var nok ein interessant by rundt munningen av elva Douro som vi gjerne ville koma tilbake til.



Vi vandrar mot Castrojeriz i Leon



3 m høge stauar av pilegrimar som endeleg ser tårna til katedralen i Santiago



Den imponerende fasaden av katedralen



Messe i Santiago de Compostela. Vi hadde orkesterplass

MIN SALME



Solbarn, jordbarn

Eg har valt meg denne kanskje litt ukjente julesalmen både fordi eg synest den er fin, og fordi teksten alltid er aktuell. Vi møter så mange barn som treng eit Solbarn både i media, i jobben min på skulen og i samfunnet generelt. Med håp om at så mange barn som mogleg får oppleve litt julefred ynskjer eg alle ei god jul og eit fredeleg nytt år.

- Sissel Dahle Lie

Solbarn, jordbarn, bak din tynne hud
Stråler mot oss kjærleik fra Gud
Hør oss, se oss, stjernebarn stig ned, så
Jordens barn i alle land finner julens fred

Bortsjemt, ensomt barn som vil ha mer
Trosbarn, Guds barn, håper, venter, ber
Hør oss, se oss, stjernebarn stig ned, så
Jordens barn i alle land finner julens fred

Flyktning, krigsbarn, hjemløs og forlatt,
Misbrukt, skadet i den dype natt
Hør oss, se oss, stjernebarn stig ned, så
Jordens barn i alle land finner julens fred

Håpsbarn, fredsbarn, barn fra evighet
Vis hvert jordbarn himlens herlighet.
Hør oss, se oss, stjernebarn stig ned, så
Jordens barn i alle land finner julens fred

Glemt barn, skremt barn, med sitt såre sinn
Ingen merker tårer på dets kinn
Hør oss, se oss, stjernebarn stig ned, så
Jordens barn i alle land finner julens fred

T Shirley Erena Murray 1994
O Eyvind Skeie 2004
M Carlton R. Young 1994

Om jula på Lidar skule

Samtale med elevar om jul og tradisjonar

TEKST OG FOTO: SISSEL DAHLE LIE

Julestria på Lidar skule

Vi skriv 9. november og det er ei god stund til jul enno. Men på skulen snik julestemniga og kanskje ei aning julestress seg sakte men sikkert inn. Det er faktisk mykje som skal vera på plass før desember og.

I fyrste klasse er dei godt i gang med å øve på Lussia-songen. Det er nemleg tradisjon på skulen at det er 1. klasse som går Lussiatog, syng og deler ut lussekattar. Lussekattar kjem heller ikkje av seg sjølv, heile skulen er engasjert i baking. Nokon bakar til si eiga klasse, medan andre må hjelpe dei minste med baking. 6. og 7. trinn er fadderar til 1. og 2. trinn og må sjølvsgt hjelpe dei.

2. trinn skal lesa adventsvers på adventsamlingane på skulen. Dei må øve på å lese for heile skulen, dei skal til og med lese i kyrkja på skulegudsteneista.

Skulekoret vårt øver til juletefesten, det skal mykje øving til for at både tekst og melodi sit som det skal. Det kjem til å bli kjempesamt, berre å gle seg for alle som kjem på juletefesten vår.

Det er forresten ikkje berre skulekoret som skal syngje på juletefesten. Heilen skulen skal vera med å syngje, derfor kan ein høyre julesongar rundt på heile huset. Nokon syng fordi dei likar det, andre fordi dei må.....

Ingen desember utan juleverkstad, og ingen juleverkstad utan planlegging. Komiteen er godt i gang med å planlegge aktivitetar, kjøpe inn utstyr, fordele folk, dele elevar i grupper, hyre inn folk til lysstøyping og grautkoking. Det blir nok produsert både julepynt og julegåver i år og.

No gler vi oss til desember, med adventslys, pynt i klasseromma, hjartekalender, høgtlesing og nissestrekar (berre for vaksne).

Store og små på Lidar skule ynskjer alle ei strålande jul.



FYRST MØTTE EG LENE OG TOBIAS FRÅ 1. KLASSE.

Veit de kvifor vi feirar jul? spør eg.

Dei to er heilt einige om at det er fordi julenissen kjem med gåver til oss.

Kva likar de best med jula då? spør eg vidare.

Gåver, bake peparkaker, pynte juletre og setja stjerna i toppen av treet, seier dei i munnen på kvarandre. Her er det ingen tvil om kva som er det beste.

Men korleis gjer de det når de feirar jul då?

Vi pyntar huset og juleteet, med stjerna i toppen sjølvsgt. Lene kan fortelje at pappa har kjøpt ny stjerna i år. Ho kan og fortelje at ho får sitje på fanget til nissen når han kjem på besøk.

Før jul må vi bake peparkaker og så må vi vere snille slik at nissen kjem på julaften, seier Tobias.

I 2. KLASSE HAR EG EIN PRAT MED EIVOR OG JOSTEIN.

Veit de kvifor vi feirar jul?

Eivor fortel at det er fordi Jesus vart fødd. Jostein supplerer med at jula er òg for at ungene skal ha det moro. Og så kjem julenissen, det er moro, særleg for små-ungar.

Kva likar de best med å feire jul?

At vi kan feire med familie og vener og få gåver, svarar dei begge.

Korleis feirar de jul heime hjå dykk?

Julemiddag, svarar begge. Etter middagen er vi saman med familien ei lita stund før julenissen kjem. Vi har ofte besøk på juleaften, kan både Jostein og Eivor fortelje.

Så tek vi alltid bilete saman med nissen, fortel Eivor.

Jostein kan fortelje at nokre dagar før jul går pappa ut i skogen, gjerne i høg snø, for å hente juletre. Juleteet må stå i ei bøtte med vatn ei natt før det er klart til å ta inn.

Eg har sett stjerna i toppen av treet heilt til no, men i år blir det kanskje Ella som skal gjere det. Det er ikkje sikkert at pappa klarer å løfte meg slik at eg rekk opp.



SÅ GÅR TUREN TIL 3. KLASSE OG SOLVÅR OG EVEN.

Kvifor feirar vi jul?

Fordi Jesus vart fødd, svara dei i kor.

Kva likar de best med jula?

Det er fint å gi bort gåver, seier Solvår. Det er fint å få gåver og, seier Even. Begge er einige om at det er veldig fint å vera saman med familien sin i jula.

Korleis feirar de jul? Har de tradisjonar, noko de gjer kvart år?

Før jul må vi kjøpe julegåver og pynte både ute og inne. Dei fortel om lys på garasjen, rundt døra og i tre. Det hender og at det bli pynta med faklar.

Lysa rundt døra er der heile året, fortel Solvår, men dei lyser berre i jula. Eg byter på å feire jul hjå mamma og pappa, seier Solvår.



Vi byter på å feire hjå bestemor, hjå gommo og goffa eller heime, kan Even fortelja.

Begge fortel om julemiddagen, den består av pinnekjøtt eller ribbe, og kanskje litt fiskepudding dersom ungene ikkje likar ribbe eller pinnekjøtt.

Solvår fortel at heime hjå henne så høyre mamma alltid på Sølvgutane. Synnøve, storesyster, fortel om Reisen til Julestjernen. Det er koseleg.

TIL SLUTT TEK EG TUREN BORT TIL 4. KLASSE FOR EIN PRAT MED SOFIA OG KASPER.

Veit de kvifor vi feirar jul?

Det er fyrst litt diskusjon om Jesus døde eller vart fødd, men dei vart til slutt einige om at han vart fødd.

Kva synest de er det beste med jula?

Gåver, tradisjonar, familie pluss mykje god mat, seier både Sofia og Kasper.

De sa at noko av det beste med jula er tradisjonar, kva for tradisjonar har de?

Kasper: Hente juletre i skogen. I fjor henta vi 3 juletre, to små som eg og veslebroren min hadde på romma våre, og eit stort som vi hadde i stova. Julemiddagen er viktig, vi et ribbe, julepølse, potet og saus. Etterpå opnar vi gåver og er saman med familien.

Veit du kva eg gjorde i fjor? spør Kasper. Eg sette opp mobilen min i glaset for å prøve å filme nissen når han kom. Mobilen filma i to timar og då var batteriet utladda. Det var ingen nisse på filmen heller.

Sofia: Vi pyntar òg juletre og et julemiddag. Og så har vi mandel i grauten. Etter middagen opnar vi gåver og er saman med familien. Og så må vi ta bilete. Det er Kasper einig i og, jula må dokumenterast. Så kjem dei på ein ting til. Dei må bake og ete peparkaker, det er viktig.



Sokneråda og fellesrådet i Øystre Slidre 2023 - 2027



Det nye soknerådet i Rogne

ROGNE SOKN

WENCHE MELBYBRÅTEN: *Leiar/kyrkjestogo* OLE KRISTIAN BERGENE: *Nestleiar/kyrkjestogo* ELIN HOVI: *Kasserar* METTE ELIN GJEVRE: *Sekretær* RANDI HELEN SKREBERGENE: *Styremedlem* LAILA HILMEN HOVI: *Diakoni* JUDITH ANITA KLOPPBAKKEN: *Varamedlem* MAGNY SMEDSRUD KARLBERG: *Varamedlem*



Det nye soknerådet i Volbu saman med avtroppande leiar

VOLBU SOKN

SOLVEIG HÅRDNES: *Leiar* LENE VISTE: *Nestleiar/Trusopplæring* HILDE WINDINGSTAD: *Kasserar* MARIT BLOMLIE: *Sekretær* BJARNE VEISENE: *Styremedlem* ELSE KARIN SAGERUD: *Varamedlem* ODDGEIR NØBBEN: *Varamedlem* JANE BERG NØBBEN: *Varamedlem*



Det gamle og nye soknerådet i Hegge

HEGGE SOKN

OLE MARTIN ALFSTAD: *Leiar* TROND ROGNE: *Kasserar* ANNE-KARI GJERDALEN: *Sekretær* HÅVAR DALBØ: *Diakoni* IDA SVENSLI RUDI: *Trusopplæring* KARL HERMANN LABERG: *Ansvarleg kyrkjestogo* HEIDI ANETTE HÅVI PETERSEN: *Varamedlem* ØRJAN ANDREAS RIPE AASTVEIT: *Varamedlem* LILLIAN FRAMSTAD: *Varamedlem* LAILA ROLANDSGÅRDEN: *Varamedlem*



Delar av det nye soknerådet i Lidar


LIDAR SOKN

SISSSEL DAHLE LIE: *Leiar* ANN-CHRISTIN RØDNINGEN: *Nestleiar/Trusopplæring* INGER MARIT VIKEN: *Kasserar* NILS HARALD MØRSTAD: *Sekretær* HILDE SKREBERGENE: *Styremedlem* BENTE HELLE SCHLYTTER: *Trusopplæring* KJETIL EKERBAKKE: *Varamedlem* TONE LILL HILMEN: *Varamedlem* FRODE ENGER: *Varamedlem* BERIT SUNDBERG GJESSING: *Varamedlem*

FELLESRÅDET

OLE MARTIN ALFSTAD: *Leiar* SISSSEL DAHLE LIE: *Nestleiar* WENCHE MELBYBRÅTEN, RANDI SKREBERGENE, MARIT BLOMLIE, ELI BJØRNØDEGÅRD, ANNE-KARI GJERDALEN, BENTE HELLE SCHLYTTER, OVE EKERBAKKE: *Kyrkjevevje* ELI VATN: *Sokneprest* BENTE OXHOVD: *Kommunes representant* HILDE SKREBERGENE: *Varamedlem* Lidar HÅVAR DALBØ: *Varamedlem* Hegge HILDE WINDINGSTAD: *Varamedlem* Volbu METTE ELIN GJEVRE: *Varamedlem* Rogne

Avtroppande og påtroppande leiar av Fellesrådet Morten Haugseth og Ole Martin Alfstad



Kulturminne i Øystre Slidre



Vi har gleda av at kultursjef i kommunen, Kari Onstad, vil dele viktige kulturminne med lesarane! Øystre Slidre kommune har no ferdigstilt si fyrste kulturminneplan. Det er eit stort mangfald av kulturminne og kulturmiljø i kommunen, som neste generasjonar skal ha glede og nytte av. Kulturminneplanen skal vere eit nyttig verktøy i å forvalte og formidle kunnskap om kulturminna våre.



MJØLKEBÅT PÅ VINSTRE

I 1929, då ysteriet på Heggenes var i gang, blei det brukt båt på Vinstre for å hente mjølka på dei om lag 40 stølane. Båten måtte legge til ved 18 brygger, 3 vestom Vinstre og 15 austom. Var det veldig mykje eller lite vatn, måtte folk ro ut med mjølkespanna, då båten var for stor eller bryggene var ubrukelege. I tillegg var det også båtskyss inn til Haugseter. Då vegen (Jotunheimvegen) kom i 1954 var det ikkje lenger behov for mjølkebåten, og den hadde sin siste sesong.

Biletet er frå mjølkebåten, Svalken, på Vinstervatn, truleg like etter krigen.

Bakerst fra venstre: Torstein Helle, Olav Jøtun, Anna Syljuåsen (født Helle), Anna Jøtun (gift med Knut Jøtun og mor til Olav), John Torgersen (bror til Olav Syljuåsen) og Sigrid Helle (gift med Knut Helle og mor til Torstein, Ola, Nils, Borghild, Sigrid og Anna). Fotograf: Olav Syljuåsen

LEGOHUSET BEITOSTØLEN blei før i tida nytta som løe og bu, og det var ein plass ein kunne overnatte mens ein dreiv med slåtten.

Lego, kjem av å ligge, altså ligge over eller kvile seg der. Denne høyrde til stølen (garden) g/b 3-4. 3/984 Dette er eit godt skjult minne om korleis det var tidlegare på Beitostølen. Legohuset ligg rett på nedsida av fylkesvegen nord for sentrum på Beitostølen.



Legohuset. Foto: Gunvor Hegge



«Den største kyrkjeklokka i Valdres»



«Fred paa jorda». Det ynskjer vi i dag òg



Grava til Nils Gulliksen Leite er freda og ligg oppe ved kyrkjemuren



I dag er det Harald Melby som ringer til helg og høgtid

81% kopar og 19% tinn. Noko kan også erstattast av silisium. Kunsten er å få til så fin klang som mogleg, og klangen må skape lydbølger som ber langt ut over by og bygd. Forfattern Lars Mytting fortel at då bonden på Hekne skulle støype søsterklokkene, kasta han sølvbestikket og to arbeidsnevar med sølvdalarar i smeltegryta. Dermed vart klokkene unike.

Den største klokka i Lidar har ein diameter på 81 cm og er 77 cm høg. Ho har innskrifta: «Gaave fraa Nils Gulliksen Leite. Ære vere Gud i det høgste». Ho blir sagt å vere den største kyrkjeklokka i heile Valdres.

Den andre klokka er ca. 10 cm mindre både i omkrins og høgde. Ho har inngravert namn på gjevaren og «Fred paa jord». Det var eit ynskje i 1937 og er like aktuelt i dag.

Men ingen klokkeklang utan ringarar som kan sin kunst. I Lidar har det vore trufaste, flinke menn som har hatt arbeidet i årevis. Den fyrste var Nils Lie. Så fylgde Nils Hedalen, Olav Hålmoen og Magne Ekerbakke. Dei har passa tida og stått i trekken frå opne tårnluggar og kalla folk til kyrkje.

I 2007 hadde eg ein prat med Magne. Han fortalte at det var ein kunst å få til rett lyd og rytme. Ofte fekk han besøk i tårnet når det var høgtidsringing. Grannar og kjende ville sjå korleis det gjekk føre seg. Då kunne det vere ein svært så triveleg time i tårnet. Men ein julaftan var det ikkje snø og tora slo. Då likte han seg lite. Så det har vore rart ver før i tida også.

Dette er tidlegare ringarar eg veit om. Men det har vel vore avløyssarar og vikarar innom. Så om fleire burde vore nemnde, send meg ein melding!

I dag er det Harald Melby som har ansvaret for rett ringing til rett tid. Han lærte kunsten av Magne Ekerbakke. Klokkene skal kime ein time før påske, pinse, jul og nyttår. Klokkene skal varsle når det er gudsteneste, og dei ni slaga høyrer med når messa er slutt og ved gravferd. Harald seier han har ein god følelse når han reiser heim etter gudsteneste og høgtidsringing juleaftan. Snødekt mark, klår stjernehimme, tende ljøs i vindaug og på juletre. Då er det helg!

Nils Gulliksen Leite var einsleg. Han budde på ein plass der vegen til fjells tek av ved Jøranli. Han hadde ei kyr eller to, men hovudgeskjeften var jakt og fiske i fjellet. Hare, storfugl og rype var godt betalt. Likeså skinn av rev og buttar med prima rakfisk frå fjellet. Dette gjorde at Nils G. Leite var ein velstående mann. Men det kunne ingen sjå, for han levde nøkternt og sparsamt. Turistar syntest synd i han og gav han gamle klede. Men då mannen døde i 1935 etterlet han seg den svimlande summen på 7571 kroner, og han hadde bestemt at alt skulle tilfalle Lidar kapell, til inventar i tårn og kyrkje.

I 1937 vart det tinga to klokker frå Olsen Nauen Klokkestøperi. Dei er einaste produsent av stemte kyrkjeklokker, etablert i 1844 og vert i dag drive av 6. generasjon. Materialet er klokkebronse,

Kyrkjeklokkene ved Lidar kyrkje

TEKST OG FOTO: KAREN STRAND BEITO

Dei nørdeste grendene i Øystre Slidre hadde gravplass på Lie i Skammestein sidan 1902. Men folk ønska seg eit kyrkjebygg for gudsteneste og heilage handlingar. Det vart halde basar og innsamlingar for å finansiera eit bygg. Det kom inn gåver av mange slag. Kommunen løyvde pengar til innkjøp av tømmer. Mykje arbeid vart utført på dugnad. Etter mange års arbeid vart kyrkhuset bygd og innvia som kapell under Hegge sokn i 1932. I 1966 ga biskop Alex Johnsen løyve til å kalle bygget kyrkje, og i 1996 vart Lidar godkjent som eige sokn med eiga kyrkjebok.

Då huset var reist, trengte det utstyr av mange slag, mellom anna kyrkjeklokker i tårnet. Dei vart kjøpte for testamentarisk gåve frå Nils Gulliksen Leite, 1851-1935.

LYS VAKEN

15 flotte «Lys vakne» 6. klassingar var med på samling i Volbu 24. november.

Vi laga sopelimar, puslespel og måla lysestakar, vi dramatiserte forteljing frå bibelen, spelte på klokkespel, såg film og kosa oss med pizza til lunsj.

Takk for ein fin dag, og takk til små og store medhjelparar!



KYRKJEVERGEN HAR ORDET

Nytt gjerde i Rogne og måling i Hegge og Lidar.

Til våren byrjar vi arbeidet med å setje opp eit nytt gjerde rundt kyrkjegarden i Rogne. Deler av dette gjerdet har vore i dårleg stand i fleire år. Andre delar har vorte skifta ut for ikkje så lenge sidan, men med impregnerte materialer. Dette har stått umåla sidan det vart sett opp, og mange har reagert på det. Difor vart det beslutta å byte heile gjerdet. No blir det sett opp ferdig måla og skal verne klart fyrst på sommaren neste år.

Hegge stavkyrkje treng ny måling. Den vart sist måla i 1976, og det er på overtid å gjerne noko med det. Vi har hatt besøk frå Riksantikvaren som er enig. Dei meinte også at vi burde sjå på å reparere taket. Vi håpar å få i gang eit forprosjekt på dette så fort som mogleg. Elles må det finansiering på plass før ein kan starte arbeidet.

Det er ikkje fullt så lenge sidan Lidar vart måla, men der har målinga byrja å flasse veldig. Det er ingen som veit heilt kvifor. Vi har hatt fleire kompetente til å sjå på det. Det alle er enige om er at noko er gale og at kyrkje må målast opp att. Vi arbeider med desse to sakene samtidig og håpar at vi skal ha ein plan for arbeidet før jul.



KYRKJELEGE HANDLINGAR
OKTOBER-NOVEMBER 2023

DÅP

ROGNE KYRKJE
Julie Kringli Skatteboe
Live Melbye Grønolen
LIDAR KYRKJE
Sigurd Linn Skogen

VOLBU KYRKJE
Halvor Løvslatten
Emil Weisser

GRAVFERD

ROGNE KYRKJE
Hermann Kristoffer Fjelltun
LIDAR KYRKJE
Oddveig Nedrelid

VELKOMEN TIL KYRKJE!

FULLDISTRIBUSJON

Desember

24 12 2023 Lidar kyrkje kl. 13.00
Julaftangudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

24 12 2023 Rogne kyrkje kl.14.30
Julaftangudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

24 12 2023 Hegge kyrkje kl. 16.00
Julaftangudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

25 12 2023 Hegge kyrkje kl. 12.00
Høgtidsmesse ved sokneprest Eli Vatn

25 12 2023 Volbu kyrkje kl 19.30
Høgtidsmesse ved prost Carl Philip Weisser

28 12 2023 Ø.S. Helsetun kl. 16.30
Julegudsteneste ved prost Carl Philip Weisser

31 12 2023 Volbu kyrkje kl 15.00
Nyttårskonserter

Januar

14 01 2024 Lidar kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste utdeling av 4-årsbøker ved sokneprest Eli Vatn

14 01 2024 Rogne kyrkje kl. 13. 00
Høgtidsmesse dåp, utdeling av 4-årsbøker ved sokneprest Eli Vatn

27 01 2024 Volbu kyrkje kl. 10.00
Kyrkjeskipet Gudsteneste for 2-åringar ved sokneprest Eli Vatn m. fl.

28 01 2024 Volbu kyrkje kl. 11.00
Høgtidsmesse dåp, utdeling av 4-årsbøker ved sokneprest Eli Vatn

28 01 2024 Hegge kyrkje kl. 13.00
Gudsteneste utdeling av 4-årsbøker ved sokneprest Eli Vatn

Februar

04 02 2024 Lidar kyrkje kl.. 11.00
Gudsteneste ved prost Carl Philip Weisser

11 02 2024 Volbu kyrkje kl. 11.00
Høgtidsmesse ved sokneprest Eli Vatn

18 02 2024 Hegge kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste ved prost Carl Philip Weisser

18 02 2024 Rogne kyrkje kl. 13.00
Høgtidsmesse med dåp prost Carl Philip Weisser

Mars

03 03 2024 Lyskappellet kl. 11.00
Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

03 03 2024 Rogne kyrkje kl. 19.30
Songgudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

16 03 2024 Volbu kyrkje kl. 10.00
Kyrkjeskipet Gudsteneste for 2-åringar ved sokneprest Eli Vatn m. fl.

17 03 2024 Volbu kyrkje kl. 11.00
Høgtidsmesse utsending konfirmantar Fasteaksjonen ved sokneprest Eli Vatn

Skulegudstenester

Alle er velkomne til skulegudsteneste fredag 22. desember 2023.

Lidar kyrkje kl. 08.30
Rogne kyrkje kl. 10.00
Volbu kyrkje kl. 11.30

Velkommen til utdeling av 4-årsbok!



Lidar kyrkje: 14. januar 2024 kl. 11.00

Rogne kyrkje: 14. januar 2024 kl. 13.00

Volbu kyrkje:28. januar 2024 kl. 11.00

Hegge kyrkje:28. januar 2024 kl. 13.00

Eigen invitasjon kjem i posten.

Juletreff

Juletreff på Tingvang søndag den 7. januar 2024 kl. 17.00.

Det blir underholdning, bevertning og gang rundt juletreet.

Alle er hjarteleg velkomne.

Arr. Sokneråda



Den gylne time

Kvar torsdag kl. 17.30 i Lyskappellet.

Salmekveld

Salmekveldar i Rogne kyrkjestogo 22. januar og 26. februar kl. 19.00

Babysong

23. januar, 6. og 20. februar og 12. mars 2024 i Rogne kyrkjestogo kl.11.00-13.00.

Babyar mellom null og eitt år er hjarteleg velkomne saman med foreldra til ei koseleg stund med song, musikk og lett servering.

Pusterom

Open kyrkje i Volbu frå kl. 18.00. Felles meditasjonsstund frå kl. 18.30

www.skjerikirken.no
Dette er ei felles infoside om alt som skjer i kyrkja.

KYRKJA SI HEIMESIDE:
www.kyrkja.no/oystre-slidre

KYRKJA ER ÒG PÅ FACEBOOK.
[/Kyrkja-i-Øystre-Slidre](https://www.facebook.com/Kyrkja-i-Øystre-Slidre)

Her fortel vi om hendingar og opplegg knytt til kyrkjer og kyrkjeliv i kommunen.

Dataar for pusterom blir kunngjort i gudstenestelista i avisa Valdres, heimesida og Facebook-sida til kyrkja.

